

Kjære innbyggjarar!

Det er sumar sjølv om været ikkje vil ha det slik – heilt enno. Og endå ei gøng kan eg sjå attende på ein travel men interessant vår.

MAI:

Idet det nye kommunestyret skal konstituere seg til hausten så trer ein ny kommunelov i kraft. Her ligg det mange større eller mindre endringar og sjølv om eg fekk væra med på ein kursdag i ny kommunelov med administrasjonen så trengs det endå meir opplæring. Det vil uansett væra på dagsorden i folkevaltopplæringa av det nye kommunestyret til hausten.

Etter nokre attendemeldingar men og etter dialog med aktørane som jobbar for ungdommen vår vart det einigkeit om at me skulle setta på dagsorden att eit foreldremøte no på vårparten. Dette er noko me ynskjer å gjera kvart år, og me ynskjer å leggje det slik at det skjer i forkant av at snøen er heilt borte og når ungdommane trekkjer til sentrum att. På Pers samla me difor alle foreldre i ungdomsstrinnet for ha ein prat, dialog men og for å koma med nokre tips. I tillegg var koordinatoren for nattevandring til stades å fekk fylt opp sine lister med nattevandrarar for våren og hausten 2019. Diverre vart det eit oppslag i etterkant av møtet som ikkje rettferdiggjorde møtet, men me gir ikkje opp for det. Vonar me får til dette kvar einaste år!



I forbindelse med foreldremøtet så utfordra eg kommunestyret til å ta første vakt, nemleg natt til første mai. Og kommunestyret stilte! Heile 12 representantar var med frå kl. 21.00 til ca. 02.00, og etter kva eg har høyrte så sette foreldra pris på initiativet. Me sjølve fekk uss ein viktig opplevelse saman med ungdommen vår så dette kan det være at me skal gjera fleire gonger. Og for å ha sagt det; for ein flott ungdom me har😊

Like sikkert som at snøen går så kjem årets runde med «Vårt lokalsamfunn». Atter ei gong er det ei rein glede å få besøke 4 trinnet og gjennomføre opplegget som forklarar kva vårt lokalsamfunn er og består av. Avslutninga på opplegget har me valt å leggje til kommunehuset der elevane får komma å sjå kven som sit på huset og kva dei driv med. Det beste (syns eg) er når me gjennomføre eit kommunestyremøte der eg får væra ordstyrar og dei får væra representantar. Eg blir alltid imponert over elevane som tek talarstolen og stemmer etter sin hjertens mening. Dette er verkeleg ein av dei beste dagane på jobb!



Næringslivet i Hallingdal og herunder kanskje spesielt reiselivet har tidlegare prøvd å samarbeid tettare enn i dag. Visitt Hallingdal var diverre ikkje løysinga, men no startar reiselivet med ein anna inngangsport å nærme seg og diskutere seg imellom om dei kan løye oppgåver saman, lære av kvarandre og utvikle reiselivet saman. Eg var heldig som fekk væra med på den første reiselivsdagen på Torpomoen denne våren!

Frå 2020 skal me bli Viken og det er ikkje berre fylkene som merkar det. Fylkeslag- og organisasjonar må også forberede seg på den nye strukturen og eg vart invitert til Fylkesårsmøtet til Utdanningsforbundet Buskerud som i same anledning la ned for så å bli ein del av Viken. Litt rart og litt skummelt, men nødvendig.

Årleg har me i Gol kommune eit beredskapsrådsmøte. Her samlar me både menneskene men og dei andre aktørane som velvillig stiller opp når og om det skulle skje noko i Gol. Dette er eit viktig arbeid, og ikkje minst prisverdig av dei som bidreg i arbeidet.



I år vart veteransamlinga arrangert i Ål og det vart ein flott kveld. Fyrst med filmvisning, lokalt filma, så kransenedlegging og så middag og taler. Det er utruleg fint å få være med på detta, og det er ei viktig ramme. Neste år blir nok Gol arrangøren, så no hiv me uss på!



Som i fjor vart eg invitert til valgfagsmessa på Geilo, og i år var messa på Vestlia Resort. Det rett og slett krydde med elevar og med gode idear! Sosialt entreprenørskap står framleis sterkt hjå ungdommen og det er godt å sjå. Og jammen fekk eg skyss nedatt med ungdommane frå Gol😊



Like før, under og rett etter 17 mai fekk kommunen besøk frå ein delegasjon frå vår venskapskommune Bracebridge Canada! Me tok dei med, både høgt og lågt, i kringkar og krokar og fortalte dei alt det er å veta om Gol. Eg får framleis e-postar frå personane i delegasjonen som takkar for eit interessant, spennande og venleg besøk. Dette legg grunnlaget for vidare drift av vår venskapsavtale!



17 mai var feira med brask og bram, og eg vil påstå at året arrangement på Tingstugu var den beste hittil! Pål Golberg hadde ei fantastisk ærleg tale, og det at han kikka attende på det lokalmiljøet han kom frå var utruleg flott. Delegasjonen frå Bracebridge var heilt frå seg av begeistring då dei fekk delta på alle arrangementa på 17.mai. Frå flaggborg til russetog! Dei meinte at dette var ein oppleveling for livet og dei skulle fortelje alle heime om kva dei hadde opplevd! Eg gjekk rundt HEILE dagen og var stolt som ein hane! Takk for tidenes 17 mai😊

Eg vart mildt sagt IMPONERT når eg møtte representantar frå landbruket i klimarådet i mai. Dei gjer mange gode tiltak og testar ut mange spennande løysingar som korkje eg eller du vil eg påstå, tenkjer på i kvardagen. Engasjementet var høgt, og eg trur dette ga grobotn til fleire møter med landbruket, både i og utan klimasamanheng!

Folkemusikkveka på Ål gikk av stabelen, og i forbindelse med bygginga av nye Ål kulturhus var me inviterte, både kommunar og fylkeskommunen med fleire til ei synfaring men og til ein prat om vegen vidare for kultur i Hallingdal. Eg trur at nye Ål kulturhus vil skapa mange spennande moglegheiter for alle innbyggjarane i Hallingdal. Dette er og må væra eit regionalt fortrinn der me kan hevde uss sett ut frå ein nasjonalt perspektiv. Dette er det berre å heie på!



Regionrådet for Hallingdal er medlem av Fjellnettverket og i år vart det årlege rådsmøtet halde i forbindelse med Fjellkonferansen som var på Geilo. Dette nettverket og denna konferansa er for oss fjellkommunar som møter same utfordringar og som må stå saman politisk for å påverke våre villkår. Det er mykje spennande arbeid på gang og me har også ei tråd inn i EU. Spennande!

Eg er både glad og stolt over at me har fått til eit Velferdsteknologi-team på Gol. Her sit me saman både kommunale og frivillige representantar og prøver å finne tiltak som kan gjere velferdsteknologi meir kjent, meir forståeleg og ikkje så skummelt som mange kjenner at det kan væra. Me har planar om opne dagar slik at forskjellige brukergrupper kan få bli kjent med kva som er på marknaden men og få inn litt kompetanse på kva ein bør velje og når. Eg gler meg til hausten når me skal sette tiltaka ut i livet!

Statens Vegvesen omstrukturerer og vi med dei. Det vil si, den nye Gol Sambruksstasjon kjem godt ut i ein rapport frå nokre konsulentar men og frå Statens Vegvesen når det gjeld kva oppgåver som skal være på Gol. Me skal serve Fagernes i tillegg då dei mistar sitt kontor ifølge forslaget som ligg på bordet i samferdselsdepartementet no. Men det er enno fleire oppgåver enn det me har blitt foreslått tillagt til Gol som me meinat denne nye, flotte, funksjonelle og strategisk plasserte stasjonen bør få, og heile Hallingdal vil stå bak våre intensjonar om å få flest mogleg oppgåver til stasjonen.

Erna Solberg kom i vår til Geilo stasjon og delte ut pengar til Gol og Geilo stasjonar, det er me veldig glade for! For Gol Stasjon sin del tok dette for seg naudsynt sikkert kryssing av spor 1 og 2 men og ei forlenging av krysningsspora til toga. I eit møte med Bane Nor fekk me innsikt i kva som ligg av planar og me fekk også gode kontaktar for vegen vidare, også for sjølv stasjonsområder. Endeleg trur eg faktisk på at me skal klare å rigge stasjonen vår til å fungere som det knutepunktet det er!

JUNI:

I begynnelsen av juni var eg med Landssamanslutninga for vasskraftkommunar i eit møte på Stortinget med ein delegasjon frå Arbeiderpartiet. Møtet var meint som ein status mens me ventar på at kraftskatteutvalet skal leggje fram si innstilling til hausten. Diverre er det mange grunnar til uro, og difor har LVK no partimesige møter med alle parti for å setja dei i stand til å ta standpunkt når rapporten er komen. Her blir det berre å følgje med og å følgje opp!

Dagbladet [LOGG INN](#) [MENY](#)

• Trafikkulykke på E6 i Sarpsborg • Ingen Øst politi distrikt melder om ein trafik...

Å AKKURAT NÅ AKKURAT NÅ AKKURAT NÅ
Trafikkulykke på E6

ORDFØREROPPRØR:
- Nå gidder vi ikke mer

Etter at SSB kom ut med tal der det viser seg at heile 190 kommunar mistar politifolk i Nærpolitireformen tok Solveig Vestenfor, Petter Rukke og meg sjølv initiativ til å stille nokre krav, som forlikspartner, til justisministern ift oppfylginga av reformen. Me har sendt ein førespurnad om å få eit møte der me presenterer våre krav, som over 220 lokalpolitikarar og ordførarar over heile landet har signert, men me ventar framleis på audiens. No må det skje noko, for dette er ikkje godt nok!

Diverre var våren prega av at både skula vår men og fleir brukshallen vår har vore utsett for mindre hærverk. På Mikkelrud og meg sjølv valte difor å ta ein prat med alle klassane i ungdomstrinna for å la dei vete kva konsekvensane er med å gjere hærverk, både moralsk, økonomisk og straffemessigt, og slik sett førebygge at meir hærverk blir gjort. Det var ein godt prat, og me vil fylgje dette opp rett etter ferien.



Gol Stasjon og prosjektet for å gjera den endå betre løsna ytterlegare etter møte i Forum nye Bergensbanen. Dette er eit forum der alle kommunane etter Bergensbanen møtast for å påverke myndighetene. Rikeriksbanen men også Voss-Arna er prosjekter me jobbar mest med. Hit kjem også representantar frå både Bane Nor og direktoratet og eg fekk slått av ein prat med dei rette for å få i gang arbeidet med også Gol Stasjon, sett i samanheng nettopp med Ringeriksbanen. Viktig møte!

Frå baneprat i Voss gjekk turen vidare til Førde der det var Landsting for Landets nynorskkommunar. Gol kommune er nynorsk-kommune og det er me stolte av. Det er fyrste gongen eg møter i Landstinget, men det skal seiast at Gol har hatt ein representant i styret i ei tid. Foreininga jobbar både politisk for å påverke, men tilbyr også ein del tiltak som skal lette arbeidet med å bruke nynorsk aktivt. Ei interessant konferanse der Solveig Vestenfor og meg sjølv i tillegg fekk ein prat med statssekretær frå Venstre i høve arbeidet me har sett i gang med å berge Halling-dialekta!



Eit fantastisk initiativ vart tatt då Gol Vidaregåande arrangerte Entreprenørskapsmessa førre veke. Her fekk både elevane men og lærarane innføring i korleis me kan bruke metode for å skapa nye, innovative og kreative idear som kan bli arbeidsplassar! Dette er eit arbeid eg støttar opp om fullt ut, og eg syns resultatet var fantastisk. Hinder – basert på tenesta Tinder, vart vinnaren og er eit produkt som skal hjelpe folk til å «matche» heimatt eller med kommunar i Hallingdal som bu og arbeidsstad! Heia elevane!



Ein flott tradisjon som har vorte til er det årlege møte med pårørandeforeininga i Gol. Her får me lufta ut, stilt spørsmål men og fortalt all den aktiviteten som pågår relatert til eldre i Gol. Eg opplever ei pårørandeforeining som er genuint intressert i samarbeide for betre tenester og det lover bra for utviklinga me no har lagt til grunn i omsorgsstenesta!



Det er andre gong eg får vera med å dele ut «Drømmestipendet» til ein elev ved kulturskula og denne gongen var det Andrea Søgnen sin tur! Ei ekstra stor glede er det å få dele ut til ein musiker som spelar eit instrument med djupe røtar i folkemusikken og folkedansen. At Andrea vel å være ein så viktig ambassadør for tradisjonell kultur er prisverdig. Eg prøvde å si til Andrea at me er stolte av henne og det arbeidet ho gjer, samtidig som me ynskjer ho til lukke og ber ho om å ikkje gløyme kommunen😊

Det er ikkje kjent for alle, men me som kommune må øve på situasjonar som krev mykje av oss. Denne gongen øvde me med Gol Barnehage, altså alle barnehagane. Slike øvingar sett oss i betre stand til å takle alle situasjonar som kan oppstå og sørger for at me veit korleis me bør handtere slike situasjonar. Øving gjer oss betre!

Det er alltid triveleg å få ha jobbskygging, og det er faktisk to år sidan sist. Så når eg fekk spørsmål om å bli jobbskygga sa eg sjølv sagt ja! Med høgt tempo og overtid for eleven og den som vart skygga fekk eleven innblikk i ein variert og travel kvardag!

Sånn ca. den einaste godværsdagen vart eg invitert til avduking av sikteskive på Auenhaugen. Ei sikteskive er ikkje berre ei sikteskive. Ei sikteskive er eit turmål, ein aktivitet og opplevelse for dei som bur og brukar Gol heile tida, og for dei som kjem på besøk i ei lengre eller kortare periode. Slike tiltak gjer at me nyttar vår fremste fortynn, naturen, endå meir, og det er det berre å heie på😊



Som i fjar vart eg invitert til å opne Pensionist forbundet si seniorveke på Storefjell. Og det gjer eg med glede. Det at over 300 eldre over heile fylket melder seg på å heldt seg i aktivitet er den største vinn-vinn effekten me kan oppnå i kommunen-Norge med fleire tal på eldre. Dette er sterke, spreke og flotte eldre som etter nokre dagar på Storefjell er endå litt sterkare, endå litt sprekare og endå litt flottare enn når dei kom😊 Heia dikko,!

Og med det så trur eg at eg sakte men sikkert siktar meg inn på ei etterlengta sumarferie der batteria ladas opp til ein intensiv valkamp, så vil tida vise om det er eg som skriv innbyggjarbrev til hausten eller nokon andre. Uansett har det vore heilt fantastisk å kunne oppsummere dagane i vervet som ordførar for dikko innbyggjarar, og det har vore ei god oppsummering for meg sjølv også😊



Tusen takk te dikko som har lese og følg med – så skrivast me kanskje til hausten!